

Seim, 24.11.2021

Alver kommune  
att: landbruk  
Postboks 4i  
5906 Frekhaug



### **Forynging etter hogst, tilskot, skogfondmidlar m.m., gnr. 152 bnr. 1.**

I samband med skogplanting i 2019, etter hogst i 2018, søkte eg tilskot m.v. gjennom landbrukskontoret i 2019. Eg fekk same året utbetalt kr 3 190 for plantekjøp og kr 3 500 for nyplanting frå Fylkesmannen i Vestland.

I 2020 kjøpte eg plantar for kr 5 500 som eg planta ut. Etter mitt minne vende eg meg til landbrukskontoret per skjema for å få utbetalt tilsvarande for innsatsen i 2020, dersom eg i det heile hadde noko til gode. Denne gongen tok eg ingen papirkopi. Datamaskina mi har i mellomtida havarert og let seg ikkje opna meir til overkomeleg kostnad. Eg kan difor ikkje lenger finna ut kva eg har gjort med dette spørsmålet, eller om eg i søkte i det heile i 2020.

Eg vil gjerne ha svar på flg. spørsmål:

1. Har landbrukskontoret registrert nokon søknad frå meg i samband med plantinga og innkjøpet i 2020?
2. Kan eg i det heile ha noko å søkja om i samband med innsatsen i 2020?
3. Som nemnt i brev 23.11.2021 har eg ikkje planta noko i 2021, av årsaker utanfor min kontroll. Eg vil difor supplera utplantinga i 2022. Vil eg ha noko grunnlag for å søkja tilskot og/eller skogfondmidlar når dette er gjennomført?
4. På ein grunnlendt rinde, der det var furuskog fram til seint 1960-tal, vil eg gjerne planta furu. Finst det tilgang på høvelege plantar nokon stad?

Eg ser fram til svar innan 15.12.2021.

Med helsing

  
Jostein Mykletun

977 17 015